Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova. Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området. Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Det vert i tillegg synt til rundskriv M-1/2013 omdisponering og deling.

Eigedomen har ressursar i jord og bygningar som tilseier at her er moglegheiter for eit aktivt gardsbruk.

I saker som desse må ein vurdere om det er forsvarleg å svekke bruket ved å dele frå bygningen med tomt.

I tillegg må ein sjå på om ei frådeling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper for næringsdrift i landbruket.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Tomta ein søker frådelt ligg eit stykke frå tunet på garden. Ein får dyrka jord på fleire av sidene. Tomta har eiga vegløysing som ikkje vert nytta i drifta av garden.

Desse momenta gjer at ein ikkje ser høg risiko for at løysinga vert dårleg med omsyn til at ei deling ikkje skal føre til drifts- og/eller miljømessige ulemper.

Eigar av den omsøkte tomta må rekne med landbruksaktivitet som gjødsling og slått på dei dyrka areal inn mot tomta.

Ut frå ei samla vurdering vil ein her ikkje gå imot eit delingsløyve.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Børild Skåra
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Sylvi Ruth Folkestad
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Plass for kommunen sitt stempel

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/1925	Avd: UTV
Løpenr.:	Shs: Torgste
11 OKT 2018	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
95	19			SYLVI RUTH FOLKESTAD
Underskrift:				SYLVI RUTH FOLKESTAD

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning
 Oppretting av festetomt
 Oppretting av punktfeste
 Anna: (spesifiser) _____
 Disposisjon (disposisjonssøknad skal grunnjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	ca. 700 m ²	hyttetomt	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr. 95/19
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

Arealdisponering

- Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

kommuneplanens arealdel (LNF-område)

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

Avstandar

- Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: ... m **Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette**
 Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand 20 m

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)		
Er tiltaket plassert i flomutsatt område?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg	
Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43		
Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?		
<input type="checkbox"/> Riksveg <input type="checkbox"/> Fylkesveg <input type="checkbox"/> Kommunal veg <input checked="" type="checkbox"/> Privat veg		
Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?		
<input type="checkbox"/> Ny avkøyrslø frå offentleg veg (plan må vedleggast)		
<input checked="" type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø		
Er løyve til avkøyrslø gitt? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørande dette leggst ved.		
Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2		
Offentleg vassverk:	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast. Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.
Offentleg avløpsanlegg:	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat vassverk:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat avløpsanlegg:	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Vedlegg		
Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse	Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
<input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan <input checked="" type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel <input type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad <input type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver <input checked="" type="checkbox"/> Andre vedlegg	1. Kart 2. Gjenpart nabovarsel 3. Stadfesting vegrett 4. Opplysningar gjevne i nabovarsel	
Underskrift av søkjar/rekvirent		
Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
	SYLVI RUTH FOLKESTAD	
Adresse	Postnr/stad	
Sagelusvegen 72	6120 Folkestad	
E-postadresse	Telefon	
sylvifolkestad@hotmail.com	95107690	
Gebyr for defesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av		
Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)		
Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
05.10.18	SYLVI RUTH FOLKESTAD	SYLVI RUTH FOLKESTAD
Adresse	Postnr/stad	
Sagelusvegen 72	6120 Folkestad	

Vegrett til ny eigedom i tilknytning til gbnr. 95/19

Stadfestar med dette at eg gir vegrett til ny eigedom for hytte bygt på gbnr. 95/19. Tilkomst vil bli frå kommunal veg og deretter ca. 20 m over privat veg tilhøyrande eigedom gbnr. 95/19.

Denne vegrett skal tinglysast på skøyte for den nye eigedomen.

Dato/stad *Bjørkedal 05.10.18*

Underskrift *Sylvi Rulv Follustad*

Vedlegg 3



Vedlegg 1



Vedlegg nr.
4

Nullstill



Opplysninger gjeve i nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

Pbl § 21-3

Tiltak på eigdommen:							
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eigedomen si adresse	Postnr.	Poststad	
95	19			Sagelsvegen 60	6120	Folkestad	
Eigar/festar				Kommune			
Sylvi Folkestad				Volda			

Det varslast med dette om							
<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving				
<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring				
<input type="checkbox"/> Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input checked="" type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Anna				

Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19							
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningslova med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input type="checkbox"/> Arealplanar	<input type="checkbox"/> Veglova				
							Vedlegg nr. B -

Arealdisponering							
Set kryss for gjeldande plan							
<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan					
Namn på plan							

Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld							
Nabovarsel gjeld frådeling av tomt. Eksisterande hytte er bygt på eigedom gbnr. 95/19 og det vert no søkt om frådeling av eigedom for denne hytta. Areal som skal delast frå er kun naturlig areal tilhøyrande uteområdet til hytta. Jordbruksareal vil ikkje inngå i arealet som skal delast frå.							
							Vedlegg nr. Q -

Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til							
Føretak/tiltakshavar							
Sylvi Folkestad							
Kontaktperson, namn			E-post		Telefon		Mobil
Sylvi Folkestad			sylvi.folkestad@hotmail.com				95107690
Søknaden finst på heimeside: (ikkje obligatorisk)							

Merknader skal sendast til							
Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslet er sendt.							
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.							
Namn			Postadresse				
Sylvi Folkestad			Sagelsvegen 72				
Postnr.		Poststad	E-post				
6120		Folkestad	sylvi.folkestad@hotmail.com				

Vedlegg							
Beskriving av vedlegg				Gruppe	Nr. frå – til		Ikkje relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak				B	—		<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan				D	1 — 1		<input type="checkbox"/>
Teikningar snitt, fasade				E	1 — 1		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg				Q	—		<input checked="" type="checkbox"/>

Underskrift							
Tilsvarende opplysningar med vedlegg er sendt i nabovarsel til naboar og gjenbuarar som er berørte.							
Kvittering for nabovarsel viser mottakarar av nabovarslet.							
Stad		Dato		Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar			
Bjørkedal		5.august 2018		<i>Sylvi Folkestad</i>			
				Gjenta med blokkbokstavar			
				SYLVI FOLKESTAD			



Folkestad Post i Butikk
Coop Marked Folkestad

6120 Folkestad
Org.nr. 938586357 MVA

Ant.	Varetekst.	Beløp	MVA
1	Rek Store Innland (ELLEN PERNILLE BJØRKEDAL) (BREKKV 946) (6690) (AURE) (Vekt Manuell:0,030 kg) (Destinasjon:Norge) (Nr.:RR612000035NO)	kr 210,00	25%
1	Rek Store Innland (ARNE PER BJØRKEDAL) (BJØRKEDALSEIDET18) (6120) (FOLKESTAD) (Vekt Manuell:0,030 kg) (Destinasjon:Norge) (Nr.:RR612000049NO)	kr 210,00	25%

Total kr 420,00

Kortbetaling kr 420,00

Iva sat	Grunnlag	Mva sum
25%	kr 336,00	kr 84,00

Sax: 12063148-294690 Resp.: 00
11/08/2018 14:30 Overf.: 124

BankAxept KJØP
*****1108-1 NOK 420,00
ID: D5780000021010
IVR: 8000048000 GODKJENT
ISI: 6800
Ref.: 476745 074361 IA1

Solgt på vegne av Posten Norge AS
Org.nr. 984661185 MVA

Longnr. 47-15046-1-2213608-3
Dato Tid Kasse
11.08.2018 14:30:32 KASSE1

Signatur : _____



17-15046-1-2213608-3

Søknad om dispensasjon

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/1925	Avd: UTU
Løpenr:	Torgste
9 . NOV 2018	
Artyd:	Bygg
Klassering P:	
Klassering S:	

For tiltak på følgende eiendom:	
Gnr.:	95
Bnr.:	19
Adresse:	Bjerkudalsidet 60 6120 Follrestad
Namn tiltakshavar:	Sylvi Ruth Follrestad
Adresse tiltakshavar:	Sagelvsvegen 72
Kontaktperson:	Sylvi Ruth Follrestad
Telefon:	mobil 95707690
E-post:	

Det blir søkt om dispensasjon frå (set kryss):

- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplan for: _____
- Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelsesplan)
Namn på planen: _____
- Plan- og bygningslova (pbl)
- Byggteknisk forskrift (TEK17)
- Anna, beskriv:

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande føresegner knytt til plan:

Det vert søkt om dispensasjon for arealbruk av tomt til heigrande eksisterande fritidsbustad oppført i 1987.
Det aktuelle området er vist som LNF-område i gjeldande kommunedelplan.

Dispensasjonen er (set kryss):

- Varig/permanent (jf. pbl § 19-1)
- Mellombels fram til følgjande dato: _____

Skildring av tiltaket: (tiltaket skal skildrast tydeleg, og teikningar/snitt skal klart vise plassering, mål og storleik på tiltaket. Informasjon om veg, vatn og avkøyrsløse skal gå fram av søknaden og vedlegg. Dersom omsøkte område er utsett for ras, skal det liggje føre geologiske undersøkingar med tanke på sikkerhet). Bruk gjerne eige ark i tillegg om du har behov for meir plass.

Viser to kartskisser og ortofoto med stipulert ~~areal~~ tomteareal som skal delast ifrå. Søknad om fradeling datert 05.10.2018 og datert 2018/1925.

Nabovarsel vart sendt ferdig for søknad om fradeling

Grunngjeving for dispensasjon: (søknaden skal vere grunngjeven. Ei rein skildring av tiltaket er ikkje tilstrekkeleg. Dispensasjon kan bli gitt når plan eller føresegner ikkje vert vesentleg sett til side, og i tillegg må fordelane ved tiltaket vere større enn ulempene). Bruk gjerne eige ark i tillegg om du har behov for meir plass.

Fritidsbustaden vart opptatt i 1987, søknad om fradeling og dispensasjon frå LNF-område vil soleis ikkje gi noko bruksendring på dette tidspunkt. Areal som er tenkt delast ifrå er det som naturleg høyrer til fritidsbustaden og omfattar ikkje noko fulldegnna jordbruksareal.

Fordeler og ulemper ved å gi dispensasjon (gjer greie for fordelane med dispensasjon, og ulempene tiltaket medfører (t.d. ulemper for allmennheten, naboar). Bruk gjerne eige ark i tillegg om du har behov for meir plass.

Fordeler:

- unngår ~~å~~ å dele ifrå fulldegnna jordbruksareal
- den sjelvstendige fritidsbustaden vert eigen eining i matlukkelen
- har ingen praktisk betydning for naboar då fritidsbustaden allereie er etablert.

Ulemper:

- ingen ulemper av vesentlig art

Vedlegg:	
Oversiktskart over det aktuelle området, som klart viser kvar tiltaket ligg	Sjå samnad av 5/10-18
Fly- eller skråfoto	— " —
Billedokumentasjon av noverande situasjon	— " —
Teknisk infrastruktur (veg/tilkomst, vatn og avløp)	
Kvittering for nabovarsel	— " —
Kommentar til ev. merknader til nabovarsel.	
Teikningar og snitt (målsette)	
Situasjonsplan	— " —
ROS-skjema. Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt ROS-skjema skal fyllast ut og signerast	Vedlegg 1

Signatur(ar):

Björkudal 07.11.18
Sylvia Rulov Follustad

Dato og underskrift
Tiltakshavar

Björkudal 07.11.18
Sylvia Rulov Follustad

Dato og underskrift
eventuell ansvarleg søkjar

Rettleiing til søknad om dispensasjon

Søknad om dispensasjon vert handsama etter reglane i plan- og bygningsloven kap. 19.

Sitat frå plan- og bygningslova:

§ 19-1. Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunnlagt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker.

§ 19-3. Midlertidig dispensasjon

Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. Ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg må søkeren uten utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte, eller opphøre med midlertidig tillatt bruk, eller oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidligere tilstand.

Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier eller fester for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.

Grunngjeving av dispensasjonssøknad:

Søknad om dispensasjon skal grunngjevast jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Grunngjevinga skal vere knytt til relevante moment i høve kva paragraf det vert søkt om dispensasjon frå.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft- forsyning	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	X		Teoretisk sannsynlighet, men då i minimal grad forbiges
	e	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

Brann/ ulukkes- beredskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Verksemnds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den ³ / 11 - 18 av sign: Tone Anette Esp, på vegne av Jylvi Ruth Folkestad

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: Frådeling samt initiaibustad 95/19

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>			
Naturgitte forhold	a		X	
	B		X	
	c		X	
	d		X	Ingen kjente farar
	e		X	
	f		X	
	g	X		Ved elstjern tønne kan det vere fare
	H		X	
	I		X	
	j	Anna (Spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Omgjevnad	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass-forsyning	a		X	
	b		X	
	c	Anna (spesifiser)?		



Sylvi Ruth Folkestad

Sagelvsvegen 72
6120 FOLKESTAD

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1925	14420/2018	95/19	UTV/ TORGSTE	18.10.2018

FØREBELS SVAR

Førebels svar i samsvar med forvaltningslova § 11 a

Adresse:	Bjørkedalen	Gnr/Bnr:	95/19
Søklar/Rekvirent:	Sylvi Ruth Folkestad	Adresse:	Sagelvsvegen 72, 6120 FOLKESTAD

**Saka gjeld: Deling- og oppmålingsforretning etter plan- og bygningslova og matrikkellova
Fritidbustad Bjørkedalen**

Dykkar søknad om løyve til deling av eigedom, datert 05.10.2018 er motteken i kommunen 11.10.2018.

Det er gjennomført ein førebels mottakskontroll av søknaden.

Ved gjennomgang finn ein fylgjande manglar ved søknaden:

Den omsøkte eigedomen ligg på eit areal som i kommuneplanen for Bjørkedalen - vedteken 28.04.2003 - er avsett som landbruksområde (LNF-område). For å få endra den vedtekne arealbruken for tomta frå LNF til fritidsbustad må søknaden handsamast som dispensasjon frå kommuneplanen.

Vedlagt følgjer skjema for slik søknad.

Når ny søknad ligg føre vil det kunne forventast følgjande saksgang:

- Saka vert sendt på høyring og førebudd for handsaming i forvaltningsstyret som dispensasjon frå kommuneplan.
- Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova.
- Etter dette vert sjølve delesøknaden vurdert og handsama i Sektor for Utvikling etter plan- og bygningslova.
- Dersom det vert gitt løyve til deling vil saka verte oversendt oppmålingsansvarleg for utføring av oppmålingsforretning og utsetting av grensemerke.

Ein gjer merksam på at kvar av desse tenestene er gebyrbelagde. Oversikt over gebyrsatsar finn ein på kommunen si heimeside.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058755	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro: 3991.07.81727

Heimelshavar kan bli pålagt å rydde siktlinjer for målingane under oppmålingsforretninga - der dette er naudsynt, utanom i hage eller park, då dette kan være avgjerande for å kunne gjennomføre oppmålinga. Rydding av skog avtalast nærare med landmålar.

Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 1925.

Med helsing

Torgeir Stensø
sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2018/2245

Arkivkode: 59 /6

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
91/18	Forvaltningsutvalet	11.12.2018

SØKNAD OM KONSESJON PÅ GRUNN AV BUPLIKT - GBR 59/6

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til konsesjonslova og til søknad om konsesjon datert 02.11.18, frå Karsten Magnar Larsen, på gnr. 59 bnr. 6 på Søre-Kalvatn. Det vert gitt konsesjon med vilkår om oppfyljing av buplikta på eigedomen, pga. at busetjingsomsynet tel sterkt i dette området. Det vert gitt utsetjing med oppfyljing av buplikta til 01.01.2022. Buplikta kan oppfyllast anten personleg eller med upersonleg buplikt, i siste tilfelle skal det sendast kopi av leigeavtale til kommunen for godkjenning.

Vedleggsliste:

1. Sladda søknad om konsesjon, brev frå adv. A. M. Bjørlo, dat. 02.11.18
2. Søknad om konsesjon, m. brev og takst, frå Karsten M. Larsen, dat. 02.11.18
3. Krav om endring markslag, brev frå adv. A. M. Bjørlo, dat. 27.09.18
4. Vurdering av markslag, brev frå landbrukskontoret, dat. 10.10.18
5. Gardskart i M 1:5000
6. Ortofotokart i M 1:3000
7. Folketalsutvikling 2012 - 2017

Saksopplysningar:

Karsten Magnar Larsen, fødd 16.05.33, tok over gnr. 59 bnr. 6 på Søre-Kalvatn i Austefjorden med tinglyst skøyte i august 2016. For eigedomar med buplikt er det eitt år frist for tilflytting eller søknad om konsesjon viss eigar ikkje flyttar til bruket. Landbrukskontoret sende brev 07.09.18 med purring, og ga ny frist for søknad om konsesjon.

Etter gardskartet (Skog og landskap), har gnr. 59 bnr. 6 areal på: 46,2 da fulldyrka jord, 373,5 da skog, 798,2 da andre markslag; eit totalareal på 1217,9 da. Av dyrkajorda ligg 22,8 da på dyrkingsfelt i Grøndalen, heile dyrkingsfeltet er på 150 da med fleire eigarar. Resten av jordbruksarealet ligg rundt tunet. Det er bustadhus, driftsbygning og sel på bruket. Desse er oppgitt til middels verdi. Det har ikkje vore sjølvstendig drift på bruket på fleire år, 21 da av dyrkajorda er bortleigd til 2 andre bruk i drift.

Adv. Ann Mari Bjørlo frå advokatfirmaet Bjørlo, representerer s kjar. Ho sende brev datert 27.09.18, med krav om endring av markslag p  dyrkaarealet i Gr ndalen. Grunngevinga var at arealet har vore ute av bruk over lengre tid, og har vore nytta til beite. Arealet ligg i tillegg om lag 11 km fr  tunet p  bruket. Landbrukskontoret sende brev datert 10.10.18 med tilbakemelding. B rild Sk ra ved kontoret var p  synfaring i Gr ndalen 04.10.18, og fann at det ikkje er grunnlag for   endre klassifiseringa. Det er tilstanden til areala, og ikkje bruken, som vert lagt til grunn for klassifiseringa. Det er lagt ved ortofoto av areala i Gr ndalen, desse er fotografert i august 2015.

Det er sendt inn s knad om konsesjon datert 02.18.11, med vedlegg fr  advokat og s kjar, og takst p  eigedomen. Det vert s kt om fritak fr  buplikta. I s knaden vert dette m.a. grunngeve med alder og helsetilstand hos s kjar, at han har sterk tilknytning til eigedomen, at ein ikkje er kjend med at det er s rlege behov for   oppretthalde eller styrkje busetjinga p  Kalvatn, og at det ikkje er grunn til   tru at det er andre som ikkje allereie bur i området som vil erverve eigedomen med sikte p    bu der sj lv. S kjar vil fortsetje med   pakte vekk dyrkajorda, og halde eigedomen vedlike. Det st r vidare at eigedomen har avgrensa med produktive areal, og det er tvilsamt at ein kan p rekne stor avkastning.

Eigedomen ligg i LNF-omr de, og er innfor kjerneomr de landbruk, areal godt egna for matproduksjon (fagrapport Kjerneomr de landbruk, felt nr. 12 og 13). Det er lagt ved statistikk fr  M re og Romsdal fylkeskommune, folketalsutvikling i 2012 til 2017. Denne viser at krinsane Fyrde og Kalvatn har hatt folketalsnedgang i perioden.

Vurdering og konklusjon:

I 2009 kom det nytt regelverk som gjeld bu- og driveplikt. Driveplikta er gjort varig og er flytta til jordlova, ein kan oppfylle denne sj lv, eller leige bort p  10- rs kontrakt til andre bruk i drift.

Buplikta er knytt til bebygd eigedom med meir enn 35 da fulldyrka og overflatedyrka jord (grensa er auka fr  25 da etter 01.09.17), eller meir enn 500 da produktiv skog, og personleg buplikt er p  5  r, etter   5 i konsesjonslova. Buplikta er oppfylt n r eigar er registrert som busett p  eigedomen etter reglar i lov om folkeregistrering. Viss ein ikkje vil/kan oppfylle buplikta, m  det s kjast om konsesjon til kommunen innan eitt  r.

Det er kommunen som avgjer om s kjar f r konsesjon, og om det skal setjast vilk r om buplikt, anten personleg eller upersonleg. Upersonleg buplikt vil seie at andre enn eigar er registrert busett p  bruket, det er opp til kommunen   evt. godkjenne ei slik ordning, og buplikta kan i slike tilfelle vere lenger enn 5  r. Det er ikkje s kt om godkjenning av upersonleg buplikt i dette tilfellet.

Eigedomen er over arealgrensa for buplikt, med 46,2 da fulldyrka jord, sj lv om ca. halvparten av denne ligg med lang avstand fr  tunet.

I konsesjonslova   1 st r det:

Loven har til form l   regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for   oppn  et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for   tilgodese:

- 1. framtidige generasjoners behov*
- 2. landbruksn ringen*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn*
- 4. hensynet til milj et, allmenne naturverninteresser og friluftsinnteresser*
- 5. hensynet til bosettingen*

I § 9 står det om forhold av betydning for om konsesjon skal gis, spesielt for landbruks-eigedommar:

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttes til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

- 1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,*
- 2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,*
- 3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,*
- 4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,*
- 5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet..*

Vidare i § 9 står det m.a.:

Første ledd nr. 1 og 4 gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 annet ledd. I slik sak skal det i tillegg til første ledd nr. 2, 3, og 5 blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment.

I tillegg til lovteksten, vert søknaden vurdert etter retningslinene i rundskriv M-3/2017 Konsesjon, priskontroll og boplikt. I konsesjonslova § 11 står det om vilkår for konsesjon, der buplikt er eit aktuelt vilkår.

Kommunen har desse alternativa i saka:

- Gi konsesjon utan vilkår om buplikt, slik det er søkt om.
- Gi avslag på konsesjonssøknaden. Eigiar må då selje til nokon andre som kan få konsesjon.
- Gi konsesjon med vilkår om buplikt, anten personleg eller upersonleg, og setje frist for tilflytting.

Det skal leggjast særleg vekt på ledd nr. 2, 3 og 5 ovanfor, om ervervet ivaretek omsynet til busetjing i området, om det er driftsmessig god løysing og om det ivaretek omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Eg har ingen merknader til dei to siste punkta. Det kan vere ei driftsmessig god løysing å leige/forpakte vekk jordbruksareala, slik søkjar vil fortsetje å gjere, men etter jordlova §8 bør han sørgje for 10-årig skriftleg leigeavtale. Areala i Grøndalen er ikkje registrert leigd vekk, viss dette skuldast manglande interesse for leigejord, bør det søkjast om fritak frå driveplikta. Dette er saker etter jordlova, og vert ikkje handsama i denne saka. Søkjar ynskjer fritak frå buplikta, og ervervet ivaretek difor ikkje omsynet til busetjing i området. Folketalsutviklinga viser nedgang i folketalet i perioden 2012 – 17, og eg meiner at busetjingsomsynet veg sterkt i dette området og at det er behov for å oppretthalde og styrkje busetjinga. Siste åra har vegsambandet betra seg, med ny E39 og Kivisveg, slik at det er godt mogleg å pendle til arbeid eller anna. Søkjar meiner det ikkje er grunn til å tru at det er andre som vil kjøpe og busetje seg på eigedomen. Dette er vanskeleg å vite før ein salsprosess, men siste åra er det selt eigedomar i Austefjord- og Bjørkeområdet over takst, der kjøparane vil flytte til bruket, så eg meiner det ikkje er usannsynleg at det vil vere interesse for kjøp av eigedomen med tilflytting.

Søkjars tilknytning til eigedomen og livssituasjonen kan leggjast vekt på som eit korrigerande moment. Søkjar har sterk tilknytning til eigdomen, som er overteken etter bror, og tidlegare far. Han er 85 år og oppgir å ha dårleg helse. Dette kan det leggjast noko vekt på.

Eg vil ikkje tilrå å gi konsesjon utan vilkår, dvs. utan krav om buplikt, sjølv om halvparten av dyrkaarealet ligg i Grøndalen. Eigedomen er over arealgrensa for buplikt, og sjølv om søkjar meiner det er tvilsamt om ein kan pårekne stor avkastning av areala, meiner eg eigedomen har store nok arealressursar til å danne grunnlag for busetjing. Eg vil heller ikkje tilrå avslag

på konsesjonssøknaden, sidan søkjar har sterk tilknytning til bruket. Sjølv om søkjar er 85 år med dårleg helse, må han likevel ta ei avgjerd på korleis buplikta på eigedomen skal oppfyllest. Det er to år sidan han overtok, og eg kan tilrå tre år ekstra utsettning med oppfyllest av buplikta, til 01.01.2022, slik at han får avklart og organisert dette. Om eigar ikkje kan/ynskjer å busette seg sjølv på eigedomen, kan kommunen godkjenne ei ordning med upersonleg buplikt, dvs. at huset vert utleigd til andre som vert registrert busett der. Det skal i så fall sendast kopi av leigeavtale til kommunen/ landbrukskontoret for godkjenning. Evt. kan bruket overdragast til andre i familien som ynskjer å bu der, eller seljast.

Ørsta, 03.12.18

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Liv Bente Viddal
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Advokatfirmaet Bjørlo, Postboks 89, 6771 Nordfjordeid
Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Ørsta kommune
Kultur og næring
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

ØRSTA KOMMUNE			
Seksjon	Kun	Saksnr.	Viddal
07 NOV 2018			
Saksnr.	2018/2369		
Løpenr.			
Klasse	59/6	Tilgk.	A

Att.: Liv Bente Viddal
Sendt til: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no

Medlem av Den Norske Advokatforening

Tlf. 976 15 776
E-post: post@bjorloadvokat.no

Postboks 89, 6771 Nordfjordeid

Besøksadresse:
Skreddarhuset, Øyane 11, 6770 Nordfjordeid

Nordfjordeid, 02.11.2018

SØKNAD OM KONSESJON – FRITAK FOR BUPLIKT PÅ GBNR. 59/6 I VOLDA

I. Innleiing

Eg viser til tidlegare korrespondanse med Ørsta kommune, sist dykkar brev av 10.10.2018 der fristen for å søkje konsesjon vart utsett til 05.11.2018.

Vedlagd er utfylt skjema for konsesjon for egedomen gnr. 59 bnr. 6 i Volda kommune. Søkjar overtok egedomen konsesjonsfritt i 2016 i medhald av konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1, men flytting til egedomen synt seg vanskeleg. Det vert difor søkt om fritak for buplikta etter konsesjonslova § 5 andre ledd, jf. § 6.

Av relevante opplysningar om egedomen kan nemnast at samla registrert areal i AR5 er 1217,9, derav er 46,2 daa fulldyrka jord, 373,5 daa produktiv skog og 798,2 daa er anna markslag/ikkje klassifisert, jf. utskrift frå gårdskart, innteke som vedlegg 1. Kartet syner elles at teigane ligg spreidd med stor avstand til gardstunet.


Det har ikkje vore aktiv drift på egedomen sidan 1980-talet, og det har ikkje vore fast busetnad på egedomen på om lag 20 år, då førre eigar Leif Larsen flytta til kommunal bustad i Volda kring 1998-99. Den dyrka jorda har i lang tid vore drive av anna bruk, der delar av dette er nytta som beiteområde.

II. Merknader til søknad

Vurderinga av om det skal gis fritak for buplikt byggjer på ei brei skjønnsmessig og landbruksfagleg vurdering på grunnlag av momenta i konsesjonslova § 9 første ledd, jf. fjerde ledd. Det vert innleiingsvis påpeika at desse gjev uttrykk for føremålet med buplikta; omsyn til busetjing og føresetnaden om at eit lokalt eigarskap til naturressursane vil føre til betre

utnytting av eigedomen sine ressursar til det beste for lokalsamfunnet. På vegne av søkjar vert det anført at vurdering og vektlegging av momenta tilseier at det skal gis fritak for buplikt for Karsten Magnar Larsen på eigedomen gbnr. 59/6 i Volda.

I denne saka meiner ein at det må leggest avgjerande vekt på momenta som er oppgjeve i konsesjonslova § 9 fjerde ledd tredje punktum. Dette er etter ordlyden i lovteksten berre korrigerande moment, men som etter Ot.prp. nr. 44 (2008-2009) og rundskriv M-2017 pkt. 8.2.10 kan få avgjerande betydning dersom dei samla vurderinga av øvrige momenta i § 9 gjev grunnlag for tvil om korleis samfunnsinteressene best kan ivaretakast, noko som ein meiner er situasjonen i denne saka.

Særleg må det leggest vekt på at Karsten Larsen er 85 år gamal og er ved dårleg helse, herunder . Dette faktum innverkar på vurderinga av dei øvrige momenta, og bør bli avgjerande ved spørsmålet om han skal ileggast personleg buplikt for den resterande levetida hans. Også Larsen si sterke tilknytning til eigedomen må tilleggest vekt. Eg viser då til søkjar si skildring, innteke som vedlegg 2 til dette brevet.

I vurderinga av momenta i § 9 første ledd vert det innleiingsvis påpeika at ein er ikkje er kjend med at det er eit særleg behov for å oppretthalde eller styrke busetjinga på Kalvatn. Søkjar har heller ikkje opplevd ein etterspurnad etter denne eller andre eigedomar på Søre Kalvatn. Det er difor ikkje grunn til å tru at det er andre som ikkje allereie bur i området vil erverve eigedomen med sikte på å bu der sjølv. I tillegg ligg eigedomen i nærområdet til tettstaden Volda. Ut frå dette er ikkje «*hensynet til bosettingen*» slik nemnd i § 9 første ledd nr. 1 til hinder for at Karsten Larsen får fritak for buplikta.

Når det gjeld omsynet til ei «*driftsmessig god løysning*», jf. § 9 første ledd nr. 2, kan ein ikkje sjå at dette påverkar spørsmålet om buplikt for søkjar. Søkjar vil fortsette den aktive bruken og vedlikehald av eigedomen som skildra i vedlegg 2, herunder ved å pakte vekk den dyrka jorda. Utover dette har det ikkje vore eigen drift på eigedomen på svært mange år. Det framstår uansett som tvilsamt at eigedomen kan drivast slik denne er pr. i dag då denne ikkje oppfyller føresetnaden for å vere ei rasjonell driftseining, med mellom anna lite produktiv areal og store avstandar mellom teigane. Ein kan ikkje sjå at det er mogeleg å drive sjølvstendig landbruksverksemd på ein rekningsssvarande måte slik einingar er pr. i dag, jf. også skildringa av driftsbygningen i taksten frå 2015, innteke i vedlegg 3.

Også i vurderinga av omsynet til «*helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet*», jf. § 9 første ledd nr. 4, vil søkjar vise til hans tilknytning til eigedomen og korleis denne pr. i dag vert forvalta sett ut frå ressursane som eigedomen har. Søkjar brukar og fører tilsyn med eigedomen, og dette vil bli oppretthalde. Ein kan ikkje sjå at denne vil påverke omsynet til om eigedomen i framtida kan legge grunnlag for drift og busetnad.

Heller ikkje momenta «*eiendommens størrelse*» eller «*eiendommens avkastningsevne*» i konsesjonslova § 9 fjerde ledd tilseier at det skal gis avslag på søknaden om fritak for buplikt. Egedomen har avgrensa med produktive areal, og stor del av det produktive arealet ligg på Grøndalssetra om lag 11 km frå gardstunet, og der tilstanden på arealet tilseier høg grad av innsats for å kunne hauste av dette. Ut frå ei framtidretta vurdering synes det tvilsamt at ein kan pårekne stor avkastning på dei produktive areala som egedomen innehar. Det er då teke omsyn til om egedomen kan ha høve til inntekter frå tilhøyrande rettar.

Når det gjeld «*husforholdene*» vert det vist til takst av 2015, innteke som vedlegg 3, som kan innverknad på andre sin interesse for egedomen, jf. ovanfor om omsynet til busetting.

Ut frå ovannemnde ber eg om at søknad frå Karsten Magnar Larsen om fritak for buplikt på egedomen gbnr. 59/6 i Volda kommune vert etterkome.

Med helsing



Ann Mari Bjørlo

Advokat MNA

**Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eiendom
etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98**
Det er eit krav at du nyttar dette skjemaet når du søker om konsesjon

Søknaden skal sendast til kommunen der eiendomen ligg

Før du fyller ut, bør du undersøke om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleinga på side 3 og 4

Til ordføreren i VOLDA KOMMUNE

(kommunen der eiendomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføreren der eiendomen ligg innan fire veker etter at avtalen er inngått eller overtakaren har fått rådevelde over eiendomen. På side 3 skal du gjere greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svarea som er gitt på spørsmåla i felt 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggst ved i original eller stadfest avskrift dersom det fins slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseiendom, skal skogbruksplan leggst ved, dersom det fins ein slik plan.

1	Namnet på søkeren (slektsnamn, føre- og mellomnamn) KARSTEN MAGNAR LARSEN	Fødselsnr. (11 siffer) 160533
2	Adresse FREMMEHOLVEIEN 9, 6011 ÅLESUND	Organisasjonsnr. (9 siffer)
3	Telefonnr. (8 siffer)	E - postadresse
4	Namnet til overdragaren	Fødselsnr. (11 siffer)
5	Adresse	Organisasjonsnr. (9 siffer)
6	Nemninga på eiendomen/-ane eller retten/-ane (namn, gnr., bnr., festnr. e.l.) GNR. 59 BNR. 6	
7	Kjøpesum/leigesum pr. år (ved arv eller gave skal ein føra opp pårekna verdi)	Kår av 5-årleg verdi
		Kjøpesum for lausøyre
8	Kommune 1519 VOLDA	Fylke MØRE OG ROMSDAL
9	Arealstorleik 1217,0	Korteis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal JF. VEDLAGDE AREALSTATISTIKK
10	Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog	

Bygningar som står på eiendomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri o.l.)

Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
VÅNINGSHUS	101	1955	3	MIDDELS
DRIFTSBYGNING	161	1955	2	MIDDELS
SEL	18	1934	1	MIDDELS
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Andre bebygningar				

versjon 1.2 - 25.08.2017

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgaveplikter, kan opplysningane du gir i dette skjema i samsvar med lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta òg av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan du få ved førespurnad til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.

12	Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga
13	Eig eller leiger søkeren, ektefellen hans/hennar eller barna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i kommunen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei I tilfelle kva for eigedomar?
14	Eig eller leiger søkeren, ektefellen hans/hennar eller barna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i andre kommunar? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei I tilfelle kva for eigedomar? BUSTADEIGEDOM I ÅLESUND KOMMUNE
15	Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjere greie for drifta av eigedomen) JF. VEDLAGDE SØKNADSBREV.
16	Kva planer har overtakaren for bruken av eigedomen? JF. VEDLAGDE SØKNADSBREV
Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)	
17	Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkeren eig før
18	Kvalifikasjonane til søkeren (teoretisk og/eller praktisk nærnsle frå jord- og skogbruk) IKKJE RELEVANT
19	Vil søkeren forplikta seg til å busette seg på eigedomen innan 1 – sitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhengande? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedomen, jf konsesjonslova § 5 annet ledd
20	Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følger med i overdraginga? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei I tilfelle kva eigedomar? (gnr./bnr./fnr. o.l.)
21	Er det fleire søkarar, skal det opplysast om søkarane er gifte eller sambuarar
22. Underskrift	
Dato	Underskrifta til overdragaren
Dato 02.11.2018	Underskrifta til søkeren Advokat MNA ANN MARI BJØRLO 6770 Nordfjordeid
Desse skal ha melding om avgjerda Advokat Ann Mari Bjørlo, Anna Berg Larsen og Karsten Magnar Larsen	
Oversyn over vedlegg til søknaden Søknadsbrev. Vedlegg 1: Utskrift frå gardskartet. Vedlegg 2: Utgreiing frå søkjar. Vedlegg 3: Takst frå 2015.	
Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no under «Skjema» Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.	

UTRGREIING FRÅ SØKJAR - GBR/BNR 59/6 I VOLDA

I alle år, om somrane har eg og familien hjelpt til på garden, både inne og ute, spesielt etter at bror min Leif vart åleine på garden. Dette gjorde at Leif kunne bu heime til han var nærare 80 år. Dyr har det ikkje vore på garden sidan lenge før far min, Nils Larsen, døydde i 1993. Fjøset og låven er det ikkje gjort noko med sidan løa var bygd utanom skifte av ein vegg, og maling av veggjar og tak.

For nokre år sidan fekk vi saga ned ca 50 tre langs elvebredda på Kalvatn, og laga ein voll som skal hindre vatn i å renne nedover markane når elva er som størst. Ved vatnet var vi saman med naboar og svigersøner saga ned mange tre som hadde vokse seg altfor store, på den måten prøver vi å ta vare på kulturlandskapet. Det har vorte mykje ved som både døtrene våre og alle barnebarna var med på og saga opp og kløyvde.

På Grøndalen har vi eit gammalt sel på ca 18 kvadratmeter frå 1934. Det har vi skifta bordkledning på og beisa, torvtaket var vi med og skifta på -80 talet.

Vi prøver å halde husa, som var bygde etter utskifting på slutten av 1950-talet, ved like, spesielt utvendig så dei ikkje skal stå på skade. Her har også borna vore delaktige. Innvendig har vi gjort mindre, så der er det meste som det var då huset vart bygd. Kjellaren er ikkje innreidd, berre murveggar som deler eit par rom som tidlegare potetkjellar, vaskerom og ei halvferdig kjellarstove.

Garden er for liten til å leve av utan attåtning. Kanskje dei yngre kan vere litt kreative, dei skal få sjansen dei som vil. Vi har barn, svigerbarn og barnebarn som er svært glade i Kalvatn, dei som bur nærast er her ofte i helgane. Dei som bur lenger vekke kjem her både i sommar- og vinterferiar, og håpet vårt er at ein av dei etter kvart vil ta over garden. Vi har god kontakt med naboane, og er med i sosiale samanhengar når det passar, og til tider kjem både slektningar og andre på besøk.

Helsing Karsten Larsen

TAKST**Gnr 59 bnr 6 i Volda****Eigar Leif Larsen**

På førespurnad frå **Karsten Larsen, Fremmerholvegen 9, 6011 Ålesund**, har ein taksert eigedomen gnr 59 bnr 6 i Volda. Grunnlag for taksten er konsesjonslova sitt regelverk.

Konsesjonslova sin § 1 (formålsparagrafen) dannar grunnlaget for regulering og kontroll av omsetning og prisar for konsesjonspliktig eigedom og lyder:

”Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, almenne naturverninteresser og friluftinteresser.
5. hensynet til bosettingen.

Formålsparagrafen i konsesjonslova gir retningslinjer om kva bruk og utnytting som skal leggest til grunn ved verdsetjing av eigedom i fritt sal. I samband med bruksverdiutrekning av jordbruksareal og skog/utmark er det i skriv frå Landbruksdepartementet M-3/2002, M-7/2002, M-4/2004, M-2/2009, M-1/2010 og M-2/2012 tilrådingar vedkomande prisar og konsesjon på landbrukseigedomar. Det er mellom anna tilrådd å nytte 4 % kapitaliseringsrente for jord og skogverdiar. For øvrige ressursar (jakt, fiske, m.m.) er kapitaliseringsrente sett til 7 %.

Gnr 59 bnr 6 ligg i eit landbruksområde på Sørekalvatn i Austefjord i Volda. Bruket har ikkje hatt sjølvstendig drift på mange år og deler av dyrkaareal er hausta av anna bruk og areal i Grøndalen har vore uhausta siste åra. Så vidt ein kan sjå er her ikkje grunnlag for verdsetjing utover ovannemnde retningslinjer Landbruksdepartementet har gitt for verdsetjing ved konsesjon. [Ein gjer merksam på at verdsetjing etter odelslova vil til vanleg gje same verdi som verdsetjing etter konsesjonslova.] Ein har lagt til grunn jordbrukarealet sin bruksverdi og bygningane er vurdert ut frå nedskrivne kostnadsverdi og skjønn. Skog/utmark skal til vanleg verdsetjast ut frå bruksverdi med utgangspunkt i balansekvantum for skog og elles anna utnytting som måtte vere aktuell. Ein har lagt synfaring og skjøn til grunn. Andre rettar er nemnt for seg.

Takstutøvar:

Eilert Hovden, 6160 Hovdebygda. Medlem i Norges Takseringsforbund, landbruk.

Takstobjekt:

Taksten omfattar bruket si innmark og utmark og dei rettar som bruket måtte ha. Vidare omfattar den våningshus, driftsbygning og sel.

Det vart halde **synfaring** 30. november 2015 saman med Karsten Larsen.

Dette vart lagt fram: - kart med arealoppgåve over eigedomen

Arealet: Bruket sitt areal er i fylgje kart utarbeidd av Nijos «skog og landskap» på 1 218,2 daa. Elles har bruket andel i felles utmark/fjellmark.

Tunareal: Etter Nijos sine registreringar utgjer dette 1,5 daa og omfattar tunbygningar med omkringliggande tunareal.

Jordbruksareal: Dyrkaaareal er i registreringane sett til 46,3 daa. 23,4 daa av dette ligg i tunteig, 22,9 daa ligg på Grøndalsstøylen.

Skog/utmark: I Nijos sine registreringar er her vel 120 daa daa skog på høg og middels bonitet. Elles er resten av arealet skog av låg bonitet, uproduktiv skog, open fastmark, myr og ikkje klassifisert areal. Produktivt skogareal er gran, furu og lauvskog i hkl. III-V. På skogkontoret er det opplyst at det er tilplanta 48 daa med gran i tidsromet 1953-1965. Mesteparten av det produktive skogarealet manglar driftsvegar. Elles er det opplyst at bruket har andel i felles utmark/fjellmark.

Rettar: Bruket er opplyst å ha beiterett i utmarka, fiskerett i vatn og jaktrett på små- og storvilt i samarbeid med nabobruka. Vidare har bruket fallrettar i samband med Kopa kraftverk. Bruket har andel i Grøndalsstøylen og sel her.

Bygningar: Våningshuset er opplyst oppført i 1955 med ytre areal omlag 101 m² med kjellar, hovedetasje og loft og i tillegg eit mindre bislag i ei høgde. Kjellar er i mur med betong dekke og inneheld arbeids-/lagerrom, kjellarstove, vaskekjellar og potetkjellar. Her er veggjar i mur/panel og panel/plater tak. Kjellar er uisolert og med enkle glas. Her er teikn til fuktinnslag. Hovedetasje har inngang med trapp til loft og kjellar, kjøkken, 2 stover, 2 soverom, bad/toalett og matbud. Her er tregolv, mala veggjar og mala tak. Kjøkken har eldre innreiing, bad har belegg på golv og baderomsplater veggjar. Loftet inneheld loftsgang m/utgang altan, 5 soverom og toalett. Her er tregolv og mala veggjar/tak, delvis skråtak. Eitt av roma har teppegolv, toalett har belegg på golv. Loftet har ark på eine sida og opplett på andre sida. Bygninga har ytterkledning i tre, er opplyst å ha glasvatt i veggjar og med isolerglas/kopla glas. Taket er Decra med takrenner/avlaupe og pipehatt. Tak opplyst å vere tett. Oppvarming er elektrisk og ved. Elektrisk anlegg er ikkje kontrollert seinare år. Vatn frå

bruket sin brunn og det er opplyst å være septiktank med kommunal tøming. Det er ikkje undersøkt for eventuelle fukt, sopp- eller råteangrep og ein gjer merksam på at dette ikkje er fullstendig tilstandsrapport. Bygninga rimeleg bra vedlikehalden.

Driftsbygninga er oppført i 1955 med areal omlag 161 m² og ein mindre inngang/bruksrom i tillegg. Gjødslager i betong med betong dekke er under mindre del av bygning og med treport som neppe held dagens krav. Ved sida av gjødslager er her eit mindre lagerrom/garasje med betong dekke og veggjar og treport. Husdyrdel har betong dekke og betongstein mur, uisolert og med enkle glas. Her er storfe fjøs med 6 båsar med manuell utmåking og elles plass til gris og stall. I bakkant av husdyrdel er her sauefjøs med bingar med treribber. Gjødslrom under bingar omlag 1 m djupt og tøming av gjødsl gjennom treport etter uttak av ribbegolv. Låvedel har betong dekke mot husdyrdel og to innvendige mursiloar. Her er reisverk og veggjar i tre og bølgeblekk tak. Elektrisk anlegg ikkje kontrollert, vatn frå eigen brunn. Bygninga har ikkje vore nytta til husdyrhald på mange år og er no nytta som lager til eige bruk. Bygninga rimeleg bra vedlikehalden.

Sel på stølen er ikkje synfare grunna snø, men er opplyst å vere omlag 15 m². Det har naturstein ringmur, veggjar i tre og torv på taket opplyst å vere tett. Bygninga har utsel og innsel og opplyst å vere rimeleg bra vedlikehalde.

Vurdering

Tunareal: Arealet er i dag nytta som areal for tunbygningar og hage. Som tunareal vert det vurdert til 15 000 kr/daa som gir avrunda:

$$15\,000 \text{ kr/daa} * 1,5 \text{ daa} \approx 25\,000 \text{ kr}$$

Jordbruksareal: Til vanleg nyttar ein retningslinjer som er gitt i konsesjonslov og dei rundskriv som er nemnt ovanfor. Her er kapitaliseringsfaktor sett til 4 % og verdi på jordbruksareal vert sett utfrå grasproduksjon. Dyrkaarealet i tunteig er delvis flatt, dels helling, er oppdelt og delvis arbeidskrevjande i bruk. Slik areala ligg i dag vert dei i snitt vurdert å gje ei grunnrente kring 140 kr/daa som gir verdien: 140 kr/daa : 0,04 = 3 500 kr/daa Dyrkaareal på Grøndalstøylen opplyst å ikkje ha vore hausta siste 2 år. Arealet ligg høgt oppe med avgrensa avling og lang transportveg til tun. Redusert for dette og at arealet bør opparbeidast på nytt vert det sett til 1/3 av arealet i tunteig og avrunda: 3 500 kr/daa * 1/3 ≈ 1 000 kr/daa Samla verdi på jordbruksareal avrunda:

Dyrkaareal tunteig	3 500 kr/daa	*	23,4 daa	=	81 900 kr
Beite	1 000 «	*	22,9 «	=	22 900 kr
Sum avrunda					100 000 kr

Skog/utmark: Bruket sitt produktive skogareal er stort sett lauvskog, gran og furu til eige bruk/sal. Arealet er oppdelt i fleire teigar, berre ein mindre del har driftsveg og det økonomisk drivbare areal vert sterkt avgrensa. Ut frå alder, areal, bonitet og hogstklasse vil det det vere rimeleg å rekne eit årleg økonomisk drivbart kvantum kring 20 - 30 m³. Virkespris for gran og furu har siste åra variert mellom 220 - 420 kr/m³ alt etter som det er massevirke eller sagtømmer. Lauv egna som ved har siste åra vore kring 300 - 400 kr/m³. I snitt burde vi kunne rekne med ein pris kring 325 kr/m³ for samla virke. Det er rimeleg å tru at mesteparten av ovannemnde virke i snitt kan drivast for 225 kr/m³ og ein burde kunne sitte tilbake med ein netto etter kostnader på 100 kr/m³. Kapitalisert etter 4 % vert skogverdien avrunda: $100 \text{ kr/m}^3 * 25 \text{ m}^3 : 0,04 \approx 60 \text{ 000 kr}$
Med tillegg av sluttavvirkning av granfeltet, meir effektiv utnytting av deler av arealet, eit stort lågproduktivt areal i dag og andel i felles utmark/fjellmark, vert skog og utmarkareal utfrå ovannemnde vurdering skjønsmessig sett til **125 000 kr**

Rettar: Bruket har beite-, jakt- og fiskerett saman med dei andre bruka her. Storviltjakt med kring 2 hjortedyr er attraktiv for eige bruk/utleige, det same er fiske i vatnet som fritidsaktivitet. Beiterett har mindre verdi utan dyr på bruket. Fallretten i tilknytning til Kopa kraftverk har årleg vederlag frå Tussa som frå dei er opplyst å variere med bruk og straumpris. Siste åra kan tyde på eit årleg vederlag i snitt kring 10 000 kr som vert lagd til grunn i taksten. Seterhus var tidlegare vanleg og nødvendig bygning på gardsbruk, i dag har det ikkje slik bruk, men kan neppe delast frå og avhendast. Set ein nettoverdi av jakt-, fiske- og beiterettar og fritidsverdi av sel til 4 000 kr/år vert dette saman med fallrettar på 10 000 kr tilsaman 14 000 kr som kapitalisert etter 7 %, som kan vere passande i dette tilfelle med litt varierende inntekter, tilseier dette ein verdi på: $14 \text{ 000 kr} : 0,07 = 200 \text{ 000 kr}$

Bygningar: Som omtalen syner er det eit vanleg stort våningshus med ei bueining. Ved verdsetjing av våningshuset vil ein så langt råd er ta utgangspunkt i kva ein ny tilsvarande bustad vil koste. Ut frå opplysningar tyder det på ein kostnad kring 33 000 kr/m² utvendig areal for ein bygning med kjellar, hovedetasje og loft. Med arealet her på om lag 101 m² tilseier dette ein nyverdi på huset avrunda:

$$33 \text{ 000 kr/m}^2 * 101 \text{ m}^2 \approx 3 \text{ 300 000 kr}$$

Kjellar er uisolert, har fuktinnslag, er utan fuktsperrer og enkle glas gjer det kostnadskrevjande og mindre aktuelt å opparbeide kjellar til buareal. Bustaddelen har har eldre innreiing, loftet med soverom har ikkje bad og med mangelfull isolering og det er langt fram til dei krav ein set i dag med omsyn til reisverk, fuktsperrer, isolering, vindu, oppvarming og rominndeling. Reduserer ein for alder, slitasje og at eit eldre hus ofte er mindre tilpassa enn eit nytt, så kan ein neppe vurdere bygninga her på eit

gardsbruk i ein utkant til stort meir enn 20 % av nyverdi. Ut frå dette vert verdi avrunda: $3\,300\,000 \text{ kr} * 20/100 \approx 650\,000 \text{ kr}$

Vurderer ein kva utleigeinntekter huset kan gje er det rimeleg å tru ein kan oppnå ei månadsleige kring 4 000- 5 000 kr. Sit ein tilbake med 2/3 etter årlege kostnader tilseier dette ein verdi kapitalisert etter 7 % på avrunda: $(4\,500 \text{ kr/mnd} * 12 \text{ mnd} * 1/2) : 0,07 \approx 500\,000 \text{ kr}$

Ut frå ovannemnde vurdering vert våningshus sett til **575 000 kr**

Driftsbygninga som var tidlegare brukt i allsidig husdyrproduksjon er i dag i bruk som eige lager. Utan mjølkekvote kan aktuell bruk av bygninga vere til kjøtproduksjon på sau. Ut frå bruket sitt eige forgrunnlag for om lag 40 vinterfora sau vil eit nytt bygg for dette dyretalet tilseie ein einingskostnad pr dyreplass for vinterfora sau til kring 10 000 kr og nyverdi for nødvendig bygning til:

$$10\,000 \text{ kr/sau} * 40 \text{ sau} = 400\,000 \text{ kr}$$

Dagens bygning har plass for dette dyretalet og plass for lamming. Det er uvisst om gjødsellager og siloar tilfredstiller dagens krav og ut frå inntjening i sauehald så kan bygninga neppe vurderast til meir enn 20-30 % av nyverdi. Bruksverdi av noverande bygning nytta til dyrehald vert:

$$400\,000 \text{ kr} * 25/100 = 100\,000 \text{ kr}$$

Nytta til anna bruk enn husdyrhald er det og rimeleg ut frå bruksverdi å kunne nytte verdien **100 000 kr**

Verdi på eigedomen

Ovannemnde vurdering gjev gnr 59 bnr 6 slik verdi:

Tunareal	kr	25 000
Jordbruksareal	kr	100 000
Skog/utmark/	kr.	125 000
Rettar	kr.	200 000
Våningshus	kr.	575 000
Driftsbygning	kr.	100 000
Sum		kr. 1 125 000

Samla sum vert kr. 1 125 000 – kronereinmillioneitthundreogtjuefemtusen-

Vedlegg: - kart med arealoversikt

Ørsta 3. desember 2015



Eilert Hovden

Ørsta kommune
Kultur og næring
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Att.: Liv Bente Viddal
Sendt til: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no

Nordfjordeid, 27.09.2018

GBNR. 59/6 I VOLDA – KRAV OM ENDRING MARKSLAG

Underteikna representerer Karsten Magnar Larsen, som eig eigedomens gbnr. 59/6 i Volda kommune.

Nemnde eigedom er i følgje Gårdskart registert med eit samla areal på 1217,9 daa, derav 46,2 fulldyrka jord. Av sistnemnde utgjer ein teig knytt til Grøndalsstøylen om lag 22,8 daa fulldyrka jord.

Arealet har vore ute av bruk over lenger tid. Eigar opplyser at denne teigen ikkje har vore dyrka eller hausta på om lag 5-6 år. Arealet har vore nytta til beite for ku og sau, og dette er også både planlagd og pårekneleg bruk i framtida.

På denne bakgrunn ber Larsen om at arealet vert omklassifisert i AR5-basen. Arealet oppfyller ikkje krav til «fulldyrket» eller «overflatedyrket» jord etter konsesjonslova § 4 første ledd nr. 4 og § 5 andre ledd, jf. forskrift om konsesjonsfridom § 5. I vurderinga bes vektlagt at arealet ligg i tilknytning til eit støylsområde, og der gardstunet ligg om lag 11 km frå den aktuelle teigen.

Vi ber om eit snarleg svar.

Med helsing



Ann Mari Bjørlo
Advokat MNA



ADVOKATFIRMAET BJØRLO
v. Ann Mari Bjørlo
Postboks 89
6771 NORDFJORDEID

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2018/2369	13967/2018	1519/59/6	VIDDAL	10.10.2018

1519 GNR/BNR 59/6 - VURDERING AV MARKSLAG PÅ EIGEDOMEN - KARSTEN MAGNAR LARSEN

Viser til dykkar brev datert 27.09.18 med krav om endring av markslag på teig ved Grøndalsstøylen. Teigen er klassifisert som fulldyrka jord.

Børild Skåra v. landbrukskontoret Ørsta Volda var på synfaring 04.10.18, sjå vedlagt epost. Han skriv at det ikkje er grunnlag for å endre klassifiseringa ut frå dei reglane som ligg til grunn for denne markslagstypen. Det er tilstanden til areala, og ikkje bruken, som skal leggjast til grunn for klassifiseringa. Avstand til gardstunet er heller ikkje grunnlag for endring av markslag. På bakgrunn av dette vert ikkje markslaget på teigen endra.


Det er NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) som er ansvarleg for markslagklassifisering, og kommunane skal sørge for kontinuerleg oppdatering. Det er lagt ved ei rettleiing for Arealressurskart AR5, meir opplysningar kan finnast i rapport 06/2014 frå Skog og landskap: AR5 Klassifikasjonssystem. Endring/ikkje endring av markslag er ikkje enkeltvedtak med klagerett.

Dykkar frist for å søkje konsesjon var opprinneleg sett til 25.10.18, men eg forlengar med dette fristen til **05.11.18**.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Kalvassvatnet

0 50 100 150m

Målestokk 1: 5000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 30.11.2018 09:54

Eiendomsdata verifisert: 30.11.2018 09:50

GÅRDSKART 1519-59/6/0

Tilknyttede grunneiendommer:

59/6/0



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 7 klasser

TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Produktiv skog
	Annet markslag
	Bebyggd, samf., vann, bre Ikke klassifisert
	Sum

AREALTALL (DEKAR)

	46.2	
	0.0	
	0.0	46.2
	373.5	373.5
	676.5	
	2.8	679.3
	118.9	118.9
	1217.9	1217.9

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning.

Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.


Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser


□ Eiendomsgrenser

● Driftssenterpunkt


Folketalutvikling per grunnkrets 2012 til 2017



Folketalutvikling i Volda kommune



Grunnkrets		2018	Endring fra 2008	Folketal
Nummer	Navn			Endring fra 2013
15190101	Velsvik	42	-16	-13
15190102	Ulvestad	293	-5	8
15190103	Dravlausbygda	195	0	4
15190104	Innselset	22	-14	-9
15190105	Amelfot og Steinsvik	65	-31	-22
15190106	Dalsbygd	100	-25	-4
15190201	Folkestad	292	-10	4
15190202	Fyrvik	138	-21	-3
15190203	Bjørkedal	144	6	2
15190301	Høydal	70	0	1
15190302	Fyrde	170	-23	-6
15190303	Kalvatn	96	-22	-4
15190304	Hjartå	110	2	-4
15190401	Halkjelsvik	170	2	12
15190402	Øyra	284	137	60
15190403	Hauane	574	-37	2
15190404	Myrane	431	64	18
15190405	Nedre Heltna	651	90	14
15190406	Røyslid	938	-28	-16
15190407	Engeset og Klepp	1252	267	88
15190408	Norddalen	170	27	17
15190409	Nedre Rotset og Greivsnæs	654	141	50
15190410	Øvre Rotset	186	15	-6
15190411	Øvre Heltna og Vikebygd	1165	141	52
15190412	Øvre Vikebygda	155	-9	15
15190501	Egset og Mørk	548	154	117
15190502	Elkrem og Yrrestøy	113	1	-8
15190503	Lid og Yksnøy	200	-26	10



Målestokk 1: 3000 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 30.11.2018 10:00

Eiendomsdata verifisert: 30.11.2018 09:50

GÅRDSKART 1519-59/6/0

Tilknyttede grunneiendommer:

59/6/0



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 7 klasser

TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Produktiv skog
	Annet markslag
	Bebygd, samf., vann, bre
	Ikke klassifisert
	Sum

AREALTALL (DEKAR)

46.2	
0.0	
0.0	46.2
373.5	373.5
676.5	
2.8	679.3
118.9	118.9
1217.9	1217.9

Kartet viser valgt type gårdskart for eiendommen man har søkt på. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning.

Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser

Driftssenterpunkt

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2018/1829

Arkivkode: 2012011-01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/18	Forvaltningsutvalet	11.12.2018

PLANID 2012011 - 02 - ENDRA UTBYGGINGSPLAN FOR OMRÅDE BK2 I REGULERINGSPLAN STRAND. ENDRA ETASJETAL/BYGGEHØGDE FOR BYGG NR 4 I BK2

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet godkjenner endra utbyggingsplan for område Bk1 og Bk2 i reguleringsplan Strand, slik det går fram av plankart datert 1.11.2018.*
- 2. Plasseringar av lysarmatur gatelys vert tilpassa plassering av fotgjengarfelt i samråd med teknisk sektor i kommunen.*
- 3. Utbyggingsavtale må tilpassast endra utbyggingsplan. Jf. Teknisk plan for opprusting av Gamlevegen og framføring av fortau til Nordalsvegen.*
- 4. Forvaltningsutvalet gir dispensasjon frå fastsett gesimshøgde for utbygging i område Bk1 frå 6m til 8.5 ut frå søknad og justert utbyggingsplan datert 1.11.2018.*
- 5. Forvaltningsutvalet finn ikkje å kunne godkjenne søknad om dispensasjon frå planlagt byggehøgde /etasjetal for bygg nr 4 i område Bk2, då dette vil gje uheldig estetisk verknad i høve til terreng og med omsyn til tilpassing til bygg på naboeigedomen, Gamlevegen 46-48.*

Vedleggsliste:

Endra søknad/situasjonsplan for utbygging på område BK1 og BK2 i reguleringsplan
Endra utbyggingsplan.
Endra teikningar for bygg.
Endra snitt-teikningar og illustrasjonar.
Søknad om dispensasjon i høve til reguleringsføresegner-gesimshøgde med vedlegg.

Uprenta saksvedlegg:

Reguleringskart B60 Strand
Reguleringsføresegner B60 Strand
Rammeløyve for utbygging av Bk2 med vedlegg

Saksopplysningar/fakta:

Reguleringsplan for område B60-Strand, del av gnr 15 bnr 2 m.fl vart godkjent den 26.11.2015.

Plankart ligg ved. jf. vedlegg.1.

I plan er det sett krav om byggeplan for dei ulike delområda før utbygging.

Det er tidlegare gitt rammeløyve og godkjent utbyggingsplan for utbygging av område BK2 (ovanfor Gamlevegen).

Det var då aktuelt å starte med utbygging av område Bk2 fyrst. Samtidig ville opprusting av Gamlevegen gjennom området bli gjennomført, og det var tenkt å plassere overskotsmasser frå Bk2 på område Bk1 inntil utbygging her kunne starte.

Planane for dei ulike områda og utbyggingsrekkefølga er no søkt endra.

Etter ny søknad vil utbygging av BK1 og Bk2 starte om lag samla, der bygga på område Bk1 vert oppført fyrst, men der masser frå grunnarbeid i Bk2 vert nytta i grunnarbeida på område Bk1 og i vegutbygginga.

Tidlegare søknad om mellombels masseplassering er såleis trekt.

Det er søkt dispensasjon frå tidlegare godkjent plan for utbygging på begge dei aktuelle områda.

Dialog med utbygger/ansvarleg søkjar:

Administrasjonen har drøfta utbyggingsplanane med søkjar ut frå dei framlagde søknadane. Etter møte den 25.10. 2018 har ein kome til semje om justering av søknad før vidare handsaming.

M.a. er planlagt høgd på kommunal veg gjennom området, foreslått justert . Dette gir grunnlag for betre terrengtilpassing for bygg på begge sider av vegen.

For å oppnå dette er det tilrådd å flytte avkøyrsla til Gamlevegen noko mot vest i høve til reguleringsplan.

Dette har også gjort at ein her har fått plass til felles anlegg for søppel-handtering.

Vidare har det i dialogen blitt semje om avstand mellom ferdig utbygd veg og garasje, og om plassering av vegrekkverk. Det er vidare tilrådd å legge inn ny gangtilkomst /kryssingspunkt mot gamlevegen i austre kant av planområdet.

Eg viser til vedlagde kopi av oppsummering etter samrådsmøte.

Meg grunnlag i dette har det no blitt fremja ny søknad om dispensasjon frå plan for utbygging både på område BK1 og BK2.



Utbyggingsplan datert 1.11.2018.

I ny framlagd utbyggingsplan er det teke omsyn til dei moment som kom fram i møte den 25.10.18.

Vegnivået i Gamlevegen er justert ned, og internveg og byggplasseringane på området er tilsvarande seinka, og gir utbygginga ei samla betre terrengtilpassing.

Justert byggeplan for området datert 1.11.2018 vert tilrådd godkjent.

Nedanfor fylgjer ein gjennomgang av dei to søknadane om dispensasjon og vår tilråding.

Område BK2:

I samband med utarbeiding av byggeplan for område BK2 vart det fremja søknad om auka byggehøgde for tre av bygga innan dette området, frå tidlegare 10.5 m til 11.6m, jf sak PS 114/17, i Formannskapet den 27.06.2017.

Vilkår for å kunne tilrå auken var m.a.

«- at toppetasjen i bygga vart tilbaketrekt i høve til hovudfasaden,

- at byggplasseringa og kotehøgder skal endeleg fastsettast i samla byggeplan for området.

- bygg 3 skal/bør trekkjast bakover (mot nord) omlag 3-5m for å redusere byggehøgda i høve til terreng og planlagde p-plass her

Ved utarbeiding av samla byggeplan skal også løysingar for terrengtilpassing/ending på nordsida av bygga visast og illustrerast ved planteikningar og snitt.»

I søknaden og kommunen si handsaming var det lagt til grunn at auka byggehøgde med tre etasjar pluss garasje-etasje berre skulle gjelde dei 3 vestlegaste bygga, (bygg 1, 2 og 3), medan det austlegaste bygget, bygg 4, skulle behaldast med 2 etasjar pluss garasje-etasje. Dette ut frå eit uttrykt ynskje om betre tilpassing og avtrapping mot eksisterande bygg på naboeigedomen i aust. Gamlevegen 46-48.

I ny søknad vert dette no søkt endra, med ynskje om løyve til tilsvarande auka byggehøgde også for bygg nr. 4, frå 3 til 4 etasjar.

I søknaden heiter det:

«Viser til tidligere godkjent byggesøknad om oppføring av bygg på angitte eiendom der bygg 1-3 er godkjent oppført med gesimshøyde på 11,6m målt i front av bygget.

Det søkes med dette om oppføring av Bygg 4 med samme gesimshøyde.

Bygger trekkes maksimalt opp mot fjellet og front vil ligge 6,0m bak byggene på gnr. 15 seksjon 1-8.

Bygget vil ha liten eller ingen betydning for sol og siktlinje for nabobygg.

Vi vil ellers bemerke at det generelt for utbyggingen for bygg 1-4 vil ha betydelig lavere utnyttingsgrad enn reguleringsplaner tillater.»

Omsøkt auka etasjetal vil gje auka utnytting med eit nytt husvære.

Utnyttingsgrad vil likevel ligge innanfor godkjent utnyttingsgrad gitt i reguleringsplan.

Det er i ny søknad vist tilfredsstillande parkeringsdekning i samsvar med krav i reguleringsplan.

Søklar har lagt fram snitt, fasadeteikning og illustrasjon der ein viser bygget i høve til bygg på naboeigedomen.



Omsøkt endra utbygging for bygg 4. (3 etasjar pluss garasje/inngangsetasje.)



Illustrasjon vedlagt dispensasjonssøknad



Utbygging av bygg nr 4 i godkjent rammeløyve (2 etasjar pluss garasje/inngangsetasje.)

Bygget si høgdeplassering er i justert søknad seinka med ein ½ m, og bygget er trekt noko tilbake frå vegen for å motverke den auka byggehøgda.

Byggehøgda er ikkje i strid med reguleringsplan, men bryt med tidlegare framlagd illustrasjonsplan, der bygg 4 var tenkt utført med berre 2 etg pluss garasjeetasje, som var tiltenkt for å få ei avtrapping og betre tilpassing mot eksisterande bygg på naboeigedomen, Gamlevegen 46-48.

Av omsyn til terrenghøgda på nordsida av bygga i BK2 er det no i justert søknad også lagt opp til at terrenget kan fyllast opp på nordsida av bygget opp til 2.etasje bustader. (gjeld alle bygg i Bk2). Dette gir betre terrenghøgda og eit betre estetisk uttrykk, og vil også lette behov for sikring mot utsprengt fjell i bakkant.

Vurdering/konklusjon:

Sjølv om ein no senkar bygget med ei halv meter i terrenget vil grunnplanet i planlagt bygg ligge ca 3.5 m høgare enn grunnplanet i bygga oppført på naboeigedomen Gamlevegen 46-48. (Kote 47.7 mot kote 44.5).

Med omsøkte ny etasje vil bygg 4 rage ca. 7.5m over dei eksisterande bygga på denne naboeigedomen.

Med grunnlag i dei store høgdeskilnadane som her kjem til uttrykk, og den manglande tilpassing mot bygg på naboeigedom som dette ville gi, finn ein ikkje å kunne tilrå utbygging med ein ekstra etasje slik søkt om.

BK1:

Reguleringsplan gir høve til gesimshøgda 6m og mønehøgda inntil 9m i dette området.

I illustrasjon (ikkje juridisk bindande) er det vist bygg med to etasjar og bygg med saltak basert på desse høgdena.

Det er no fremja søknad om å kunne auke gesimshøgda for bygg i Bk1 frå 6m til 8.5m med flatt tak. (gesims og mønehøgda >9m).

Dette gir rom for endra bygningstype/utforming for planlagde bygg på området, der utbygginga på begge sider av vegen vil ha same bygningsmessige uttrykk og formspråk.



Samla sett vil ein på dette området etter nytt planframlegg få fylgjande utnytting:
BK1 – 3 bygg med 3 etasjar, kvart med 5 husvære – til saman 15 husvære.
Garasjar, bodareal og gjesteparkering for alle husværa.
Samla utnyttingsgrad vil ligge innanfor rammene i reguleringsplan.

Vurdering/konklusjon:

Planlagt løysing for Bk1 gir ei god og heilskapleg utbyggingsplan for området. Seinking av Gamlevegen og justering av avkøyrsløse gir betre kryssutforming og terrengtilpassing og betre stigningstilhøve for internveg.

Vi finn å kunne tilrå endra utbyggingsplan for området.

Kommunen legg til grunn at opprusting av Gamlevegen vert gjennomført heilt fram til forbi avkøyring til Bk1, og at gangveg vert fullført heilt fram Nordalsvegen i samsvar med justert plan før bygg i området vert tekne i bruk.

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Per Heltne
Fagansvarleg plan

Utskrift av endeleg vedtak:

John Moldskred, **MOLDSKRED AS**, Bjørndalsveien 7B, 6065 ULSTEINVIK

Kopi:

Utvikling -plan
Utvikling -byggesak
Teknisk sektor

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

Moldskred as
Sjøgata 30

6065 ULSTEINVIK

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/1829	14749/2018	2012011-01	UTV/ PERHEL	25.10.2018

PLANID 2012011 - 01 - DISPENSASJON FRÅ HØGDEKRAV I REGULERINGSPLAN FOR B60 STRAND, GBR 15/68. DRØFTING I MØTE MED TILTAKSHAVAR OG PROSJEKTERANDE

Det er søkt dispensasjon frå plan/ endring av rammeløyve for utbygging av bygg nr 4 i område Bk2, og endra gesimshøgde/etasjetal for bygg 5,6 og 7 i Bk 1. Det er vidare søkt mellombels dispensasjon for plassering av fjellmasser frå Bk2 på område Bk1 fram til planlagt utbygging her.

Det er tidlegare gitt rammeløyve for utbygging av BK2 og godkjent utbyggingsplan som grunnlag for utbyggingsavtale med Volda kommune, knytt til opparbeiding /opprusting av Gamlevegen gjennom området og tilhøyrande framføring av leidningsnett m.m gjennom området.

Ut frå behov for ein samla gjennomgang vart det den 25.10.2018 gjennomført eit drøftingsmøte der ulike problemstillingar knytt til planlagt utbygging/og omsøkte dispensasjonar vart drøfta.

For utbygger møte:

John Moldskred- Moldskred as – prosjekterande/ansvarleg søkjar.
Rune Koppen – for tiltakshavar

For kommunen:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden
Fagansvarleg plan – Per Heltne
Avdelingsleiar veg/park-Teknisk sektor- Edvin Løfoll

Drøftingar:

Utbyggingsplan for BK2 inkludert opparbeiding av Gamlevegen er det tidlegare gitt rammeløyve for. Kommunen ynskte tilbakemelding på om heile prosjektet kunne senkast noko i terrenget for å kunne senke også planlagt utbygging på området nedanfor vegen (Bk1).

Prosjekterande – viser til at høgdeplassering av veg og bygg er grundig vurdert og det er ikkje grunnlag for vesentleg justering av høgden i Bk2 no. Jf. Dei allereie store fjellskjeringane som blir bak bygga og det store masseoverskotet som dette gir, illustrer godt desse tilhøva. Det vert også vist til at bygg 4 er trekt lenger bak på tomta for å kompensere noko for auka byggehøgde. (jf søknad om ny 4.etg.).

Tiltakshavar opplyser elles at det er endra plan for rekkefylgje i utbygginga.

Bk1 er no planlagt utbygt først, men uttak av masser/fjell i Bk2 for oppfylling av byggeareal på Bk1 vil måtte gå parallelt.

Konklusjon:

Generell senking av byggnivå for Bk2 er ikkje aktuelt no.

Tiltakshavar ser nærare på mulegheitene for endra planløsning for husvære i 1. etg over garasjeetasjen, slik at også denne etasjen kan ligge under tilbakefylt terrengnivå.

Dette vil kunne gi betre terrengetilpassing og lette tiltak for sikring bak bygga.

Prosjekterande legg fram ny snitt/fasadeendringar for slik endring før vidare handsaming av saka.(disp bygg 4).

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058717

Telefaks:

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro:

Vegplan utbetring Gamleveg.

Utbyggingsplan må ha med vegutbetring/fortau-løysing vestover heilt til avkøyrsla til Gamleveg 57, gbnr 15/7. jf. Reguleringsplan.

Prosjekterande tek dette med i samla prosjektering, og kostnad for slik utvida utbygging vert lagt fram. Kommunen og utbygger deler kostnaden for dette tilleggsarbeidet.

Kommunen sikrar naudsynte avtalar om grunn.

Utbyggingsplan for Bk1:

Kommunen ber vurdert om bygningane på sørsida av vegen kan senkast noko i terrenget. Kommunen viser til at om nødvendig kan avkøyning til Gamleveg justerast noko mot vest for å gi betre utflating i kryss og gi grunnlag for senking av internveg austover.

Det kan/bør også vurderast om vegen kan senkast noko på høgdepunktet her for å gi rom for slik senking av internveg og bygg.

Car-portane/boder langs Gamleveg bør ha min avstand på 1m til vegkant.

Det skal etablerast vegrekkverk mellom veg og car-port, med min avstand 0.5 m til vegkant. Dette skal avsluttast mot avkøyning og ev. fotgjengarkryssing i samsvar med gjeldande normalar. (Jf. Siktkrav m.v).

Det vert lagt til grunn at det vert gjennomført naudsynt prosjektering av mur/bakvegg i car-port ut frå nærleik og belastning i høve til planlagt kommunal veg.

Det bør etablerast trapp/gangsamband til Gamleveg og fortau på denne i aust-enden av utbyggingsområdet.

Fartshumpar for 30km/t må plasserast i samråd med teknisk sektor i kommunen, og bør vurderast lagt i tilknytning til avkøyrslpunktet og ev. til kryssingspunkt i austre kant av området.

Lysanlegg bør tilpassast/plasserast i tilknytning til fartshumpar/kryssingspunkt, og der med forsterka lysstyrke.

Det må vurderast nærare kva renovasjonsordning området skal ha. Prosjekterande tek kontakt med VØR for avklaring av dette.

Konklusjon:

Prosjekterande vurderer dette og kjem med forslag til justert plan der:

- vegen/avkøyrslpunktet er justert mot vest og ev senka i terrenget, og der bygg på Bk1 vert tilsvarande søkt senka.dette er vurdert.
- Carport og vegrekkverk vert justert som drøfta ovanfor.
- Naudsynt prosjektering/berekning for mur mot kommunal veg vert lagt til grunn.
- Gangtilkomst til gamleveg i austre kant vert lagt inn.
- Fartshumpar vert lagt inn i samråd med Teknisk sektor i kommunen.
- Lysanlegg vert tilpassa.
- Ordning for avfallshandtering vert avklara og i nødvendig grad vist i plan.

Kommunen avventar vidare handsaming av dipensasjonsøknad inntil slik tilbakemelding ligg føre.

